

Behovsoppgåve Bocciabane Grønålen Manger

Bana vert først og fremst bygt fordi Manger har eit godt etablert tilbod med Boccia for psykisk utviklingshemma. Det vert spelt inne i Radøyhallen, men finst per i dag ikkje bane utandørs. Det er ønskeleg å flytta aktiviteten utandørs så stor del av året som mogleg. Vidare er det ønskeleg å integrera denne aktiviteten best mogleg med den øvrige idrettsaktiviteten på anlegget.

I tillegg kan anlegget bli brukt av elevar frå Manger barneskule og Radøy ungdomsskule, vidare den fylkeskommunale Manger folkehøgskule, samt alle andre interesserte. Alle skulane ligg i gangavstand frå den planlagte bana.

Boccia er også ein populær aktivitet for eldre, planlagt bane ligg i gangavstand frå omsorgsbustader og seniorbustader i Manger sentrum.

Mvh for Manger IL, Atle Vaage